

Fylkestinget har dei fem siste åra gjort fire vedtak knytt til vidare drift av Austrheim vidaregåande skule.

Den 12.03.2013 gjorde Fylkestinget i Hordaland følgjande vedtak:

«Austrheim vgs vert oppretthalden, med fagtilbod og dimensjonering som vist i saksutgreiinga. Dette inneber elektrofag (EL), helse og oppvekstfag (HO), teknikk og industriell produksjon (TIP), studiespesialisering (ST) og restaurant og matfag (RM) vert vidareført. Bygg- og anleggsteknikk (BA) og påbyggingskurs til generell studiekompetanse (PÅ) vert lagt ned. Fylkeskommunen arbeider for at Hordalandsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vidareført og at Sogn og Fjordane fylkeskommune forpliktar seg til å dekkje ein fast årleg sum slik at den økonomiske situasjonen for skulen vert meir føreseieleg. Skulen må rehabiliterast eller få nybygg. Det skal greiast ut om 8 – 13 skule kan vera ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt. Fylkeskommunen ønskjer at skulen vurderer å etablera TAF-modell retta inn mot lokalt næringsliv og mot barne- og ungdomsarbeidarfaget.»

Den 11.3.2015 gjorde Fylkestinget i Hordaland følgjande vedtak:

«Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8 – 13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (Alt.1).»

«Hordaland fylkeskommune arbeider mot eit tettare samarbeid og involvering retta mot kommunane i Nordhordland og Sogn og Fjordane (Gulen/Solund).»

I saksutgreiinga vert det vist til tre rehabiliteringsalternativ på høvesvis 75, 84 og 153 millionar kroner, der det rimelegaste alternativet vert beskrive som ei minimumsløysing.

Vedtaket vart støtta av 54 av 56 representantar. Dei to frå MDG som røysta mot framlegget, ville i staden for rehabilitering byggja ny skule på Årås.

Den 8.3.2016 gjorde Fylkestinget i Hordaland følgjande vedtak:

«Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbod på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk. Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig.»

Dette framlegget fekk 33 røyster og vart vedteke (A, 2KrF, Sp og FrP).

Den 22.06.2016 gjorde Fylkestinget følgjande vedtak:

«Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endeleg vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.

Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.»